

Oppdatert tilbud 22. juni 2026

Invitasjon frå Hardanger Musikkfest til Harmoniens Venner 28.-30. august



Det er ei glede for meg å invitere dykk til den vakre festivalen vår som går av stabelen siste helga i august. For å feire 30-årsjubileet kan vi by på eit rikholdig og flott program som eg vonar vil falle i smak for Harmoniens venner. Eg har i møte med dykkar styre fått lov å formidle eit tilbud til dykk og eg vil vere dykkar kontaktperson og organisator dersom de vel å ta turen. Sjå detaljar i tilbudet i dette skrivet.

Program

Årets festival spelar på temaet Gnist. Programmet spenner frå store jubileumskonsertar og orkesteropplevingar til intime kammerkonsertar, nye verk og smaken av Hardanger. Her møtest det lokale og det internasjonale, det kjende og det uventa.



Jubileumskonserten fredag kveld i Hardangerhallen med blant andre Ragnhild Hemsing, Messian Quartet Copenhagen, Gabriel Fliflet og Helsinki Kammerkor. Tre tiår med musikk, møter og minner skal feirast. Jubileumskonserten speglar Hardanger Musikkfest slik festivalen faktisk er: mangfaldig, levande og full av kontrastar. Lokale krefter og internasjonale utøvarar står side om side, folkemusikk møter kammermusikk, og kvelden opnar for uventa kombinasjonar.



KORK i Hardanger laurdag kveld Ragnhild Hemsing - hardingfele Kringkastingsorkesteret Holly Choe - dirigent

PROGRAM

- * Therese B. Ulvo: Friction Forward
 - * Johan Halvorsen: Fossegrimen
 - * Ludwig van Beethoven: Symfoni nr 5
- Denne konserten treng vel ingen nærare presentasjon.

Festivalen er lagt opp slik at ein stort sett kan gå mellom alle konsertar og arrangement, og ein rekk ein matbit mellom slaga. I tillegg til dei to hovudkonsertane vil eg trekkje fram sidervandring på laurdag, den årvisse Grieg-konserten på søndag i Ullensvang kyrkje og Gabriels Novgorod på ungdomshuset Krossvoll laurdag kveld.



Sjå heile programmet på denne linken, og i vedlegget:

<https://www.hardangermusikkfest.no/program26>

Vi har eit svært godt billett-tilbod der ein får 25% rabatt på alle kjøp om ein tingar 4 billetter eller meir. Ta kontakt for ledsagerbilletter. Kjøp billetter her:

https://hardangermusikkfest.ticketco.events/no/nb/e/hardanger_musikkfest_2026

Reise og overnatting

I samråd med styret oppmodar vi til transport i privatbilar. Køyreturen frå Bergen til Lofthus, som er hovudsetet for festivalen, tek vel 2,5 timar og er ein fin tur. Der er også både tog, båt og buss som ein vil reise kollektivt. Eg har forhøyrert meg med mulige overnattingsalternativ. Det er framleis høgsesong i regionen, så her gjeld det å vere om seg dersom ein vil delta.

Kinsarvik Camping

15 minutt køyring frå Lofthus ligg denne campingen som sidan i fjor har ei flott nybygg meg leilegheiter og rom. I tillegg er der sjølvsagt oppstillingsplassar for bubil, samt campinghytter.

Eg har fått halde av følgjande alternativ 28.-30. august:

2 stk leilegheit for to par +	pr. pers./døgn på dobbeltrom	1125,-
1 stk familierom m/dobbeltseng +	pr. pers./døgn	847,-
1 stk dobbeltrom m/twin bed	pr. pers./døgn	747,-

Leilegheitene og familierommet har fleire sengar og ein kan såleis slå seg saman fleire for enno gunstigare pris. Sjå detaljar om romma og andre fasilitetar på lenkja her: <https://www.kinsarvikcamping.no/overnatting>



Utne Hotell

Her har eg fått reservert Kunstneranekset til dykk, og her har dei:
7 dobbeltrom pr. pers./døgn inkl frukost 850,-

Dette er ein god vennepris!

Les meir om hotellet og anekset her: <https://www.utnehotel.no/kunstneranekset/>

Førstekvinne- og mann til mølla!

Eg må ha svar *innan 30. juni dersom de ynskjer å bestille* ei eller to netter blant dei tilboda eg har skissert over.

Fjordcruise

Til Utne kjem ein med bil og ferje Kvandal-Utne og er ein flott tur på 2:45t. Til og frå festivalen på Lofthus har vi tilbod om fjordcruise tur-retur Aga for 580,- pr person med Pilargut og Pilarjenta. Det er ein fin køyretyr på 17 minutt frå Utne til Aga der ein kan parkere og overfarten tek 20 minutt. Vi legg i utgangspunktet opp til at ein har tid til middag på Lofthus i forkant av konsert i Hardangerhallen og avslutte kvelden på Ungdomhuset Krossvoll.

Båtruter:

Fredag og laurdag: Frå Aga kl 1630 med retur frå Lofthus kl 22:30

Det er mogeleg å etterspørre andre avgangar om ein ynskjer det.

Laurdag morgon kan ein ta Norled sin hurtigbåt frå Utne 0955 til Lofthus 1015 om ein ynskjer ein full festivaldag!

Tyssedal Hotell

Her har dei ved utsending av dette skrivet om lag 18 tilgjengelege rom i ulike kategoriar der pris pr døgn ligg på rundt 3500,-.

Slottet har også 13 leilegheiter av ulik storleik. Pris for ei leilegheit med to doble soverom er 3500,- pr døgn, og er såleis ein gunstig pris.

Her fekk eg ikkje halde av rom eller leilegheiter, og ein må derfor bestille sjølv på telefon 53 64 00 00.

Tyssedal ligg omlag 30 minutt facinerande køyring sør for Lofthus, og er lokasjon for festivalens siste konsert på søndag - Atterklang i Kraftkatedralen. Dette er ei unik oppleving eg kan tilrå. Hotellet kan du sjå meir om her: <https://tyssedalhotel.no/no>

Lofthus Camping

På Lofthus er der ein fin campingplass i gåavstand til festivalen, og her er det høve til å kome med bubil på dropin, og pr i dag er der ei hytte ledig.

<https://lofthuscamping.com/>

Fleire alternativ kan ein lese om her:

<https://www.hardangermusikkfest.no/reiseogopphald>

Mat og drikke

Sørfjorden i sein august er ei oppleving! Eplehaust og sider rundt alle hjørner, trivelege [Lofthus Expedisjon](#), [Kompaen Hardanger](#) og [Fløy bakeri](#), samt høve til ein betre middag på både [Hotell Ullensvang](#) og [Gjesteheimen](#). Går ein ut på eit glas etter konsert kan ein brått ende opp på bordet ved sidan av ein festivalartist. Dette er noko av det som gjer Hardanger musikkfest så unik - den fortetta atmosfæra der publikum, artistar og hardingar treffest og der musikalske såvel som sosiale møter står i høgsetet.

Til teneste og velkomen!

Eg håpar å ha inspirert dykk til å ville ta turen, og eg kan kontaktast om det er noko eg skal ordne for dykk. Eg held på bestillingane på Kinsarvik Camping og Utne hotell ut denne månaden, og håpar å kunne fullbooke desse med ivrige musikk-kjennarar frå Harmoniens venner.

Ta kontakt på telefon: 930 34 668 eller på straumbrev: laila.melkevoll@gmail.com

Velkomne skal de vere!

Venleg helsing Laila Melkevoll
Styremedlem i Hardanger Musikkfest



<https://www.hardangermusikkfest.no/>